Kultur og Humaniora nytt

Nr. 10 14. jan. 2003

Eit meldingsark frå **Institutt for kultur- og humanistiske fag**

http://www.hit.no/af/kh/

Avdeling for allmenne fag, Høgskolen i Telemark

Ansv. red.: Instituttleiar Kristian Hanto

Landstadseminar

Ved 200-årsminnet for folkeminnesamlaren og salmediktaren M. B. Landstad arrangerte institutt for kultur- og humanistiske fag eit seminar fredag 4. oktober. Seminaret var ope for alle interesserte, og kring 50 deltakarar var til stades. Seminaret fekk økonomisk støtte frå Høgskolen i Telemark ved fellesadministrasjonen og Avdeling for allmenne fag, Telemark kyrkjeakademi og Akademika bokhandel.

Landstad gav ut to av dei mest sentrale bøkene på 1800-talet – *Norske Folkeviser* (1853) og *Kirke-Salmebog* (1869). Tanken med seminaret var mellom anna å synleggjere breidda i Landstads forfattar- og utgjevingsarbeid, og sjå Landstads innsats i ein vidare kontekst.

På seminaret var det foredrag om Landstad som folklorist. Magister og viseforskar **Velle Espeland** ved Norsk visearkiv i Oslo heldt foredrag om "Landstad, Olea Crøger og Lindeman. Samarbeidet om folkevisene", og vår eigen høgskolelektor **Herleik Baklid** tok for seg Landstads segnsamlingar.

Landstads verksemd som salmediktar og salmebokutgjevar var sett i fokus av lektor **Laila Akslen** – eigentleg spesialist på barokkdikting – og av doktorgradsstipendiat og Grundtvig-kjennar **Synnøve Heggem**.

Førsteamanuensis og språkforskar **Arne Torp** ved Universitetet i Oslo heldt foredrag om Landstads spesielle språkform i *Norske Folkeviser* (norrøn "light"), professor ved IKH **Olav Solberg**, initiativtakar til seminaret, viste korleis Landstads viser vart gjenbrukt av Ibsen, både i folkevisedrama og samtidsdramatikk.

Faglunsjen

? heldt fram førre semesteret, og dette hende:

Odd Martin Mæland innleidde om Jon Fosses Dødsvariasjoner. **Åsne Haugsevje** frå Telemarksforsking snakka om "Unyttighetens poesi - om det meningsbærende ved tradisjonshåndverk i det postmoderne". **Kristian Hanto** tala ut frå ordet "Sing la pi piss", og orienterte om den ferske samarbeidsavtala med Arne Næss Centre for Ecology and Philosophy. **Finn Olstad** fortalte om fotball som historie. **Thor Sigurd Nilsen** orienterte om "Språklæring i et internasjonalt perspektiv – et web-prosjekt". **Dag Aanderaa** tala forvitneleg om kultur og reiseliv. **Sven Arntzen** tok for seg omsorgsetikk og miljø.

Vårprogrammet, måndagar 12.00-13.00 i 3-305 (ved sida av personalkantina):

20. jan.	**Anna Tranberg: "**Menighetens kallsrett i Norge (Telemark) på 1600-tallet."
27. jan.	**Harald Bårtveit: "**Det splittede mennesket. Kjærlighet, makt, ondskap."
3. feb.	Står ledig
10. feb.	**Otto Christian Dahl: "**Kulturminner – døde levninger eller levende minner."
17. feb.	**Odd Vevle:** (tema om namn, anten stadnamn eller plantenamn)
24. feb.	**Karianne Skovholt: "**Samtaleanalyse – egnet analyseredskap for dramatikk?"
3. mars	**Kirsti Pedersen: "**Ungdommens fortellinger om natur."
10. mars	**Halvard Vike: "**Folkestyret mot stupet."
17. mars	**Pål Augestad: "'**Tidtaking som sunnhetsindikator'. Om legens rolle i skolen i 1940- og 1950-åra."
24. mars	**Dag Solhjell:** "'Kunstakademi' som analytisk verktøy i en historisk studie av norsk kunstpolitikk 1814-2000."
31. mars	**Asbjørn Storesund: "**Sunnhetsloven av 1860, sunnhetskommisjoner og forebyggende helsearbeid i Telemark 1860 – 1900."
7. april	**Odd Martin Mæland:** *Svanesang*.

Forum for kultur- og humanistiske fag

Forumansvarlige Ellen Schrumpf og Halvard Vike melder fra forumtemaet i høstsemesteret: **Assimilasjon og integrasjon: perspektiver på kulturell kompleksitet**

Fagforum hadde invitert foredragsholdere som skulle bidra med ulike perspektiver på innvandring og på utfordringer og dilemmaer i flerkulturelle samfunn.

Professor i historie **Knut Kjeldstadli** innledet om "Nasjon og flerkulturalisme – et historisk perspektiv."

Professor **Ottar Brox** tok for seg arbeidsinnvandring, klasse og rasisme under tittelen "Jeg er ikke rasist, men.."

Programmet ble avslutta med førsteamanuensis i antropologi **Arild Hovland**, som fortalte om "Moderne urfolk."

Professor i antropologi **Unni Vikan** har takket ja til å komme nå på nyåret.

Kulturstudiar-konferanse i Oxford

The Open University arrangerte i september ein tredagars konferanse i Oxford, *Cultural Returns*, med deltakarar frå tjue land. Noreg stilte med éin representant, professor **Ole M. Høystad**, frå instituttets hovudfag i kulturstudiar.

Dei siste tretti åra har *cultural studies* vore det fagfeltet som har vore i sterkast vekst i det angloamerikanske høgskole- og universitetssystemet, mykje med grunnlag i den *språklege vendinga* som slo igjennom i humaniora og mange samfunnsvitskaplege fag i siste halvdel av 1900-talet. Konferansen markerte den *kulturelle vendinga* som kulturstudiar no representerer i høve til dette, og undersøkte nærare korleis ei slik vending gjer seg gjeldande i aktuelle samfunnsanalysar.

Ein viktig del av diskusjonen i Oxford galdt spørsmålet om kulturstudiar har ein eigen metode, og kva for validitetskriterium som skal gjelde i denne vitskapsgreina erkjenningsteoretisk og metodisk.

Høystads eige innlegg på konferansen hadde tittelen "Cultural Studies and Anthropology. Rethinking Identity with Inte-

grity," og bygger på hans tverrfaglege arbeid i skjeringspunktet mellom idé- og kulturhistorie, filosofi og antropologi.

Hovedfagsstudent på internasjonal konferanse i Malaysia

I august i år var vår hovudfagsstudent **Suzanne Bancel** (Kulturstudiar) på International Association of School Librarianship (IASL) sin årlege konferanse i Malaysia. Over 400 deltakarar frå heile verda deltok. Det blei presentert 29 foredrag rundt forsking om skulebibliotek og skulebibliotekarar. Suzanne Bancel la fram ein del av hovudfagsoppgåva si, der ho m.a. nyttar Jorunn Solheims "moder-metaforen" i si analyse av dagens situasjon for skulebibliotekutvikling og skulebibliotekarar i Noreg. Artiklar basert på denne forelesinga har vore publisert i IASLs "conference proceedings", ACCESS: Journal of the Australian Library Association, og Bok og bibliotek. Ho har nyss sendt eit framlegg til neste års konferanse i Durban, Sør-Afrika, der ho vidareutviklar dette temaet. Førebels tilbakemelding på dette framlegget er positivt.

Olav Solberg om Olav Kaste, vers og hyrdar

Olav Solberg heldt foredrag om Olav Kaste på Notodden onsdag 4. desember, i høve at det i fjor var 100 år sidan denne alt for lite påakta poeten Olav Kaste blei fødd. Kaste debuterte i 1946 og gav ut fleire diktsamlingar.

Solberg har dessutan publisert desse artiklane i det siste:

? "Vendinga mot vers kring 1300", i Janet Garton & Michael Robinson (red.) *On the Threshold. New Studies in Nordic Literature.* A selection of papers given at the 23rd IASS Conference. Norwich 2002.

? "Hyrdedikting på norsk? Edvard Storms lyriske dikting", i *Nordlit* nr 11, Universitetet i Tromsø, 2002.

Ellen Schrumpf om maskintid, domestic servants og kvinner i Porsgrunn



I haust kom boka *Reisen fra urtiden. Norske forskere blant dinosaurer, roboter og det som var imellom* ut på Gyldendal forlag. Boka kom i serien *Vitenskapsbiblioteket*, og presenterer ti norske forskarar som fortel om fagområda sine. **Ellen Schrumpf** er presentert i boka under historiekapittelet "Fabrikk- og maskintid".

Ho har dessutan halde foredrag om "Domestic servants and housewives - controversies in Kristiania at the end of the 19th century" på konferansen *Second seminar of the EU-network: The socio-economic role of domestic service as a factor of European identity.*

No sist heldt ho foredraget "Kvinner og arbeidsliv i gamle Porsgrunn" i eit møte i Ressursbanken Serine.

Halvard Vike, Carl Ivar m.fl.

Halvard Vike heldt leiarseminar ved Sykehuset Telemark i august.

I september handla det om "Det kommunale dilemma" på Senterpartiet sin ordførarkonferanse.

Han deltok også med temaet "Fylkesplanleggingen i den nye fylkeskommunen" på ein plankonferanse for Miljøverndepartementet.

I september var han også ansvarleg for nasjonalt forskarkurs i diskursanalyse ved Universitetet i Tromsø.

"Partnerskap i regionalpolitikken" var emne for innleiing for Oppland/Hedmark fylkeskommunar på Lillehammer i oktober.

I oktober heldt han også hovudinnlegget på YS-konferansen 2002 i Oslo. Under hovudoverskrifta "Et politisk system i krise?" drog han over tema frå boka "Maktens samvittighet: politikk, styring og dilemmaer i velferdsstaten", som nyss er utgjeven i Makt- og demokratiutgreiingas serie. Kommentatorar til innlegget var **Carl Ivar** Hagen og **Kristin** Halvorsen, og dessutan sentrale ungdomspolitikarar, journalistar og professor **Hege Skjeie** (frå Makt- og demokratiutredningens forskergruppe).

Sven Arntzen om kulturlandskap

Sven Arntzen er berebjelken i det nye idéhistoriestudiet ved instituttet.

Arntzen er også ein av instituttet sine aktive publisistar. Den siste artikkelen hans heiter "Cultural Landscape and Approaches to Nature ? Ecophilosophical Perspectives". Den har nett kome ut i Virve Sarapik, Kadri Tüür, Mari Laanemets (eds.): *Place and Location*, Vol. II, Tallinn: *Proceedings of Estonian Academy of Arts*. 2002.

Her diskuterer han kulturlandskapsomgrepet og ulike typar verdiar som heftast ved kulturlandskap. Han prøvar å formulere det han ser som eit økofilosofisk kulturlandskapsbegrep, som grunnlag for å vurdere ulike former for menneskeleg tilnærming til miljø og landskap.

Ex.phil.- og Ex.fac.- stipend på 15 000 til kurs på Bali, Cuba og i Canada

Kort tid før terroraksjonen på Bali i oktober underskreiv Avdeling for allmenne fag ei avtale med Arne Næss Centre for Ecology and Philosophy (ANCEP) der IKH tok på seg det faglege ansvaret for Ex.phil.- og Ex.fac.-kurs for norske studentar i Jimbaran, Bali. Etter den tid er det komne til to nye studiesenter, på Cuba og i Canada. Ex.fac.-pensumet har i denne samanhengen fått eit sterkare innslag av valds- og konflikthandtering i etikkdelen.

Søkjarar som har minst eitt års studium ved HiT bak seg, konkurrerer om fem stipend som dekkjer meir enn halvparten av studieavgifta. Kvart stipend er på 15 000 kr.

Ny vri på HiT sin interne språkpolitikk: **Nynorskbrukarar må godta bokmål for å få dekt reisekningar**

Fellesadministrasjonen melde rett før jul at dei som heretter ikkje nyttar det nye reisereknings skjemaet frå Skattedirektoratet, vil få returnert rekningane sine. Dette skjemaet ligg berre føre på bokmål, ikkje heilt i samsvar med regelverket.

Dei som i staden vil nytte Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt elektroniske reisereknings skjema som før, der du kan velje mellom bokmål og nynorsk , vil etter meldinga få problem med å få refundert utgiftene sine.

Rett skal vere rett: FA arbeider hardt på åttande månaden med å få til ei nynorskomsetjing, slik at ein skal få til same valfridomen som i AAD sitt skjema. I samband med dette vanskelege arbeidet er Skattedirektoratet lova hjelp frå Vestlandet.

Skjemaet blei innført i mai 2002, og er eit Excel-dokument på éi side, to for somme.